



## Sykkylven kommune

Arkiv: FA-Q30  
JurnalpostID: 24/5919  
Saksbehandlar: Torbjørn Emblem  
Dato: 26.04.2024

Saksframlegg

| Saksnr.  | Utval         | Møtedato   |
|----------|---------------|------------|
| PS-44/24 | Formannskapet | 06.05.2024 |
| PS-23/24 | Kommunestyret | 27.05.2024 |

### Storfjordsambandet 2024 - vidare framdrift - framlagt KVU

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Sykkylven kommune tek konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet til vitande (vedlegg). Sykkylven kommune anbefaler at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden).

I det vidare arbeidet med kryssing av Storfjorden er det anbefalt å avklare:

1. behovet og kravet om at store cruiseskip må kunne passere, og
2. framtidig prosjektmetodikk og tekniske løysingar som kan tilfredsstille krav til seglingshøgde og ei realistisk samfunnsøkonomisk løysing.

#### Formannskapet - 44/24

#### FSK - behandling:

Hans Petter B Sørensen tok opp spørsmål om habilitet, som styreleiar i Storfjordsambandet AS. Han gjekk frå.

Han vart samråystes vedteken inhabil og tok ikkje del i handsaminga. 8 voterande.

Formannskapet drøfta seg fram til ei samråystes tilråding: Som kommunedirektøren sitt framlegg med slikt tillegg i andre setning:

Sykkylven kommune "er svært positive til prosjektet og" anbefaler at Storfjordsambandet.....

#### FSKVedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommune tek konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet til vitande (vedlegg).

Sykkylven kommune er svært positive til prosjektet og anbefaler at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden).

I det vidare arbeidet med kryssing av Storfjorden er det anbefalt å avklare:

1. behovet og kravet om at store cruiseskip må kunne passere, og
2. framtidig prosjektmetodikk og tekniske løysingar som kan tilfredsstille krav til seglingshøgde og ei realistisk samfunnsøkonomisk løysing.

**KST - behandling:**

Hans Petter B Sørensen tok opp spørsmål om habilitet som styreleiar i selskapet. Sørensen gjekk frå og Henning Tandstad tok sete som vara. Sørensen vart samråystes vedteken innhabil og deltok ikkje i handsaminga av saka.

Dagleg leiar i selskapet Øyvind M Olsen, orienterte om Storfjordsambandet sine prioriteringar.

Samråystes vedtak: Som formannskapet si tilråding.

**KSTVedtak:**

Sykylven kommune tek konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet til vitande (vedlegg).

Sykylven kommune er svært positive til prosjektet og anbefaler at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden).

I det vidare arbeidet med kryssing av Storfjorden er det anbefalt å avklare:

1. behovet og kravet om at store cruiseskip må kunne passere, og
2. framtidig prosjektmetodikk og tekniske løysingar som kan tilfredsstille krav til seglingshøgde og ei realistisk samfunnsøkonomisk løysing.

**Bakgrunn for saka**

Framlagt KVU utgreiing fra Stordfjordsambandet AS.

**Saksopplysningar**

Saksopplysingane kjem i hovedsak fram i vedlegg 1.

**"I konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet er det identifisert eit vesentleg nyttepotensial i analyseområdet, gjennom å forbetre vegsystemet.**

På bakgrunn av anbefalingane i KVU-en, og innspel ifrå kommunar og næringsliv, ønsker Storfjordsambandet å arbeide vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden) i sitt strategiarbeid, og vil i tillegg til å synleggjere nyttepotensial legge stor vekt på kostnadsoptimalisering av konseptet.

KVU-en gir ikkje stort handlingsrom, og det vil bli ein krevjande balansegang mellom ulike interesser om Storfjordsambandet skal arbeide vidare med fjordkryssinga. Spesielt vil kostnadsdrivarane på fjordkryssinga og tilførselsvegar bli avgjerande for realismen i prosjektet.

Plassering av brua, og om det er aktuelt å sjå meir på dei andre delprosjekta mellom Stranda og Sykkylven, og mellom Digernes og Storfjorden, vil eventuelt bli sett på i seinare fasar av prosjektet."

**Vurdering**

Grunnlagsdata og vurderingar kjem godt fram i KVU'en og vedlegg 1 her i denne saka. Ein har ikkje funne grunnlag for å gå sterkare inn i dette utover det som kjem fram der, men forankring av prosjektet er heilt avgjerande.

Storfjordsambandet som prosjekt både bør og må forankrast i ende sterkare grad både lokalt, regionalt og sentralt, dersom dette skal føre fram. Forankringa må skje gjennom ei vesentleg politisk forankring på fleire nivå i tillegg til ei solid forankring og vilje blant innbyggjarar og næringsliv i både kommune og region. Her bør ein legge ein innsats for å ha best moglege moglegheiter på slike langsiktige prosjekt.

Det er og naturleg at kommunane vil ta stilling til om Storfjordsambandet AS bør gå vidare med KS1 etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet, slik at saka kjem attende til handsaming også da.

### **Økonomiske konsekvensar**

Ikkje avklart

Torbjørn Emblem  
kommunedirektør